

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Møte: 27.08.2025

SAK 32/25: Oppretting av erfaringsbasert masterprogram i undervisning om kontroversielle tema

Dokument i saka

- Studieplan for programmet

Bakgrunn for saka

Studiestyret blei orientert om initiativ til oppretting av nytt erfaringsbasert masterprogram i undervisning om kontroversielle tema i møte 27. august. I møtet blei det avtalt at studieplan skal sendast på sirkulasjon i Studiestyret før saka blir lagt fram for Fakultetsstyret i møte 9. september.

Undervisningskoordinator ved AHKR orienterte i møtet 27. august om initiativet: Fagmiljøet i historie og religionsvitenskap har svært relevant kompetanse, både fagleg og didaktisk, til å opprette eit masterprogram i undervisning om kontroversielle tema. Masterprogrammet vil vere eit deltidsstudium på 90 studiepoeng (3 år), og målgruppa for programmet er adjunktar som ønskjer opprykk til lektor. HVL har eit liknande program som rekrutterer godt, og det er stor etterspurnad etter auka kompetanse på feltet blant lærarar. I 2017 blei det innført femårig grunnskulelærarutdanning, og i 2019 kom krav til master for opptak til PPU. Dette vil seie at behovet for denne vidareutdanninga for adjunktar er høgt no, men vil vere synkande etter kvart som fleire får lektorkompetanse. Det er difor eit poeng å få i gang dette programmet så snart som råd, medan det framleis er behov. AHKR har vore i tett dialog med både UiB Vidare og lærarar i skulen for å sikre at behovet for studieprogrammet er til stade.

Fagmiljøa ser at nedgang i studenttal på lågare grad frigjer kapasitet til utvikling av nye tilbod, og det nye masterprogrammet skal driftast av faste tilsette innanfor fagmiljøa sine tilgjengelege ressursrammer. Det er tenkt at heile staben, ikkje berre didaktikarane, skal bidra inn i tilbodet, og det er gode føresetnadar for samarbeid som kan ha positive ringverknadar mellom anna for dei ordinære masterprogramma i historie og religionsvitenskap, og for lektorprogramma. Oppstart er tenkt hausten 2026 eller våren 2027.

Forslag til vedtak

Studivstyret tilråv oppretting av erfaringsbasert masterprogram i undervisning om kontroversielle tema.

Heming H. Gujord
visedekan

Julie Alver Tønsaker
studiesjef